



Trufaste idrettsmerketakarar: Åshild Sjøwall, Aslaug Lyse og Vivik Rimestad.

Åshild Sjøwall (76) tok i fjor idrettsmerke nummer 54 og det må karakteriserast som ein utruleg prestasjon. Men Astrid Haugland og Aslaug Lyse ligg ikkje langt etter, dei har sikra seg 46 merker. Steinar Kroka passerte i fjor ein milepel med 40 år og fekk NIFs diplom og merke for det.

Deretter kom Vivik Rimestad med 33 år og Ingrid Kroka med 28. Dei neste på lista var Kjersti Bråtun med 27 og Sidsel Stigum med 25. Sidsel fekk for det idrettsforbundet sitt merke og miniatyrstatuett i bronse.

Til slutt på lista kjem 3 ferske idrettsmerketakarar - Lars og Ingebjørg Haugland med 2 år kvar og Kari Bråtun som tok merket første gong denne hausten.

Rapporten frå merkenemdleiar Åshild fortel at 11 tok merket i fjor og det var ein nedgang med 2 frå året før medan det var 10 som tok merket i 2010. Dette er relativt beskjedne tal samanlikna med det ein kan kalla glanstida for idrettsmerket då dei var heilt oppe i 37 merker i Uskedalen. I fjor vart det halde merketaking 4 gonger på Heio og det var uthaldingsprøve to gonger.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen